

20/2010

NOTAT

Atle Døssland

**EMBETSMENN, BØNDER OG
FADDERSKAP I HOSANGER SOKN
1750–1854**



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING

Forfattar		Atle Døssland
Ansvarleg utgjevar		Høgskulen i Volda
ISSN		1891-5973
Sats		Forfattar
Distribusjon		http://www.hivolda.no/notat

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

Innleiing

I skissa til prosjektet *Kulturperspektiv på møte mellom bønder og embetsmenn* ligg det klart ein hypotese om at den såkalla *tokulturlæra* er for bastant. Bønder og embetsmenn levde ikkje heilt ut i kvar si verd. Det inneber at vi i den perioden prosjektet omfattar ventar å finne tversgåande nettverksband mellom embetsmenn og bønder. Meir eksplisitt har vi på dette feltet tenkt oss moglege endringar over tid, med viktige skilje i 1760-åra og tidleg 1800-tal. Vi stiller også spørsmål ved sider av Peter Burke sine teoriar. Stemmer det at eliten alt frå 1500-talet og utetter trekte seg unna den folkelege kulturen for seinare å gjenoppdage og nærast dyrke han som ein del av nasjonsbygginga på 1800-talet. Vi trur ikkje at eliten på den norske landsbygda (der embetsmenn dominerte) i så sterk grad hadde trekt seg unna dei folkelege arenaer og sosialt fellesskap med allmugen (der bønder dominerte).

Den danske historikaren Peter Henningsen har hevda at tankane om kvar enkelt si plassering innanfor det eineveldige rangssystemet var med på å bygge opp under ei førestilling om eit særskild stort gap mellom bønder og embetsmenn i Danmark. Men vi trur ikkje at verken standstanke eller rangplassering hadde så stort rom i Noreg som i Danmark. Vidare har vi forventa skilnader mellom bynære og perifere strok. Embetsmenn nær byar hadde i større grad enn dei i perifere strok høve til å knyte seg opp mot eit meir omfattande elitenettverk i og kring byen.¹

På 1700-talet ventar vi såleis å finne klare nettverksband mellom embetsmennene på landsbygda og i alle høve delar av allmugen. Truleg fanst det eit endå sterkare nettverk tidlegare. Vidare ventar vi at desse nettverka vart av ein annan karakter då bøndene fekk sterkare politiske rettar utetter 1800-talet. Samstundes var embetsmennene meir medvitne om ei rolle knytt til oppdraging og rettleiing av allmugen. Men vi er usikker på korleis dette spela inn når det galdt sosiale nettverk. Førte det eigentleg til større nærleik?

Faddernettsverk er den forma for nettverk som det er lettaste å registrere. Fadrane er til vanleg ført inn ved kvar enkelt dåpshandling i kyrkjebøkene. Det er rett nok mogleg at fadderskap er ei svært spesiell form for nettverk som ikkje utan vidare fortel alt om sosiale nettverk elles. Også det må vi sjå nærare på. Det er vidare også lett å registrere trulovarar i kyrkjebøkene,

¹ Døssland 2009.

men disse utgjer i alle fall eit mykje mindre utsnitt av totale nettverk (berre to trulovavar pr. brudepar).²

Eg har valt ut Hosanger sokn i Nordhordland som undersøkingsområde. Fram til 1750 låg Hosanger under Hamre prestegjeld. Men det nyetablerte Hosanger prestegjeld vart då samansett av hovudsoknet (gardar både på nordsida av Osterøya og tilgrensande område av Lindåshalvøya på andre sida av Osterfjorden) og dessutan Seim anneks og Mo anneks. Den nye presten busette seg på garden Holme i Osterøy-delen av Hosanger sokn, og det er berre hovudsoknet vi konsentrerer oss om i det følgjande.³

Det var ikkje mange embetsmenn i Hosanger sokn. Viktigast var soknepresten, og periodevis heldt også minst ein offisersfamilie til der. Dessutan var det eit visst innslag av det vi kan kalle halvkondisjonerte, eller personar som stod i skjeringspunktet mellom dei to stendene: slik som klokkar og lensmann. Det er likevel lite som tyder på at lærarane kan reknast med her. Hosanger er såpass nært Bergen at det var mogeleg for eliten å søke kontakt med byeliten og såleis utvide det sosiale nettverket ved visse høve. Dei hadde i alle fall høve til å hente standspersonar utanfor eige prestegjeld dersom det var uakseptabelt å bruke bønder. For oss er det då også interessant å finne i kva grad embetsmenn likevel brukt bønder som fadrar. Kva slags bønder var i så fall dette? Men vi er også interesserte i å registrere om embetsmennene sjølve var villige til å vere fadrar hos bønder, eller kor vidt bøndene på si side fann eit slikt val av fadrar ønskeleg. Gav det prestisje?

Bondeomgrepet i framstillinga omfattar alle av bondestand, dvs også husmenn, innerstar, tenestefolk o.a. Fleire stader har eg funne grunn til å operere med ei meir utvida sosial toppgruppering enn berre embetsmenn åleine. Eg kallar dette *kondisjonerte*. I tillegg opererer eg også ofte med ei mellomgruppe: *halvkondisjonerte*. Nærare omtale av desse grupperingane finn ein i kapittelet *Reiskap for samanliknande analyse*.

² Nærare om fadderskap som Nettverk i Kjelland 2010.

³ Hole 1982: 27–28.

Dei kondisjonerte og fadderrolla

Perioden 1750–59

Med berre få avvik følgde dei kondisjonerte det etablerte mønsteret mellom bøndene ved at dei valde ut tre mannlege og to kvinnelege fadrar.

Eg har valt å samanline to tiårsperiodar: 1750–59 og 1845–54. I den første perioden er soknepresten Benjamin Olrich (f. 1717) den mest sentrale embetsmannen. Han hadde før vore res. kap i Hamre men vart no det første soknepresten i Hosanger i åra 1750–60. Benjamin Olrich var son til Bernt Olrich som dreiv relativt stor bondehandel og gjestgivarstadi i Bakholmen i Austevoll.⁴ Han var gift med Elisabeth Margretha Brix som vi ikkje kjenner bakgrunnen til.

I denne familien kan vi registrere ikkje mindre enn 7 barnefødsjar med tilhøyrande dåp i denne tiårsperioden: 1750, 1751, 1753, 1754, 1756, 1757 og 1759. Ved fødselen i 1751 måtte det i all hast heimedåp til, nattetid. Det verkar som dei har sankt saman personar som var i huset for å vere fadrar, berre ein mann og fire kvinner. To av desse hadde bondenamn men ikkje frå Hosanger: Siri Bragstad og Anne Lille-Hammer. Truleg er det tenestejenter som hadde følgd familien frå tida i Hamre. Elles finn vi tre med etternamnet Jersin: Anders, Elisabeth og Sophie. Anders og Sophie finn vi som fadrar berre denne eine gongen, slik sett kan dei ha vore på gjennomreis. Truleg er begge desse barn av sorenskrivaren i Indre Sogn 1724–46 Georg Buchard Jersin, gift med Christence Heiberg. Anders var fødd i 1729 og Sophie i 1733.⁵ Elisabeth veit vi ikkje noko nærare om, men dersom Elisabeth og ”frøken” eller ”jomfru” Anne Elisabeth Jersin er den same personen, går ho i alle fall att som fadder for til saman fire av prestebarna og i fleire barnedåpar elles (sjå nedanfor). Ho må såleis ha budd i Hosanger over eit lengre tidsrom, og har mest sannsynleg halde til i eller nær ved prestegarden, kanskje t.d. som guvernante.

Med unnatak av dåp 2 er det stort sett bønder som er fadrar ved dei tidlege barnedåpane: nr. 1 berre bønder, nr. 3 flest bønder, 4 berre bønder, 5 flest bønder. Ved dei to siste barnedåpane er likevel berre kondisjonerte personar valde som fadrar (sjå tabell 1).

⁴ Lampe 1895-96: 108. Døssland 1998: 19–22. Endresen 1943.

⁵ Schilbred 1959: 120–21 og 128.

Tabell 1: Standsfordeling av fadrar brukte i barnedåpane til sokneprest Benjamin Olrich og familie 1750–59

Dåp nr	Kondisjonerte	Bønder
1	0	5
2	3	2
3	1	4
4	0	5
5	1	4
6	5	0
7	5	0
Til saman	15 (44 %)	19 (56 %)

Til saman er det altså flest bønder, men det skjer ei klar utvikling i retning av kondisjonerte. Av bønder er det likevel berre Ole (Arnesen) Mjøs som vert brukt fleire gonger, til saman tre. I tillegg er kanskje Anna Mjøs (brukt ved første dåp) kona hans. Vi kan også merke oss at Ragnhild Essem (brukt ved første dåp) er kona til lensmannen, Magne, som er brukt ved 3. dåp.⁶ Anna Elisabeth Jersin, går som sagt att heile fire gonger, klokkaren Jens Defini (de Fine), to gonger, kapteinsparet Brügger (også gjestgjevar) går att to gonger.⁷

Prestefrua, Elisabeth Brix Olrich er tre gonger brukt som fadder i andre familiar. Den eine gjeld likevel ein heilt ut kondisjonert barnedåp hos gjestgjevaren, kaptein Brügger, men dei to andre gjeld den halvkondisjonerte klokkaren Ole Defini, men her er ho fadder saman med berre bønder. Jomfru Anna Elisebeth Jersin er utanom dei fire gongene i prestefamilien, brukt som fadder fem gonger. To av desse gjeld dåp hos kondisjonert eller halvkondisjonerte folk: dvs. hos Brügger og sersjant Schönemann i Askvika. I det siste tilfellet er alle andre fadrar av bondestand. I tillegg er ho brukt to gonger hos vanlege bønder på Bernes, i grannelaget til prestegarden. Her opptreer ho saman med berre bønder.

Eit merkeleg særphenomen har vi når sjølve futen Rasmus Smidt i 1751 stiller som fadder hos ein tilsynelatande vanleg bonde, Rasmus Myking, saman med to andre kondisjonerte og elles to kvinnelege fadrar av bondestand, visstnok søstrene til kona. Denne Rasmus Myking f. 1716

⁶ Eknæs I, 2 1967: 662

⁷ Jens Defini var son til Arnaldus de Fine som var sorenskrivar i Nordhordland 1212–32. Hole 1982: 105. Døssland 1998: 117.

hadde likevel ein periode like før dette halde til på eller like ved gjestgjevarstaden Bernestangen, men vart i 1751 gift med Johanna Mathiasdotter Gatland, og budde ei kort tid der. Men i tillegg er Rasmus Myking nemnt som den første omgangsskulelæraren for storparten av Hosanger sokn frå då skulefundasjen endeleg kom i stand i 1750.⁸ Desse to momenta kan truleg til saman forklare kvifor han kunne kapre så fornemme fadrar.

Der var, som vi alt har sett, også militære embetsmenn i Hosanger sokn. Viktigast var her kaptein Ole Brügger som samstundes var gjestgjevar på Bernestangen. I alt kan vi registrere 5 barnedåpar i denne familien: 1751, 1753, 1754, 1755 og 1757. Ved dei tre første har dei i stor grad henta fadrar frå familiar til det som truleg er militære kollegaer utansokns. Til ein viss grad er dette supplert med medlemmer av prestehusstandane i Hosanger og Hamre (sjå tabell 2). Den sistnemnde grupperinga dominerer ved den siste barnedåpen i 1757. Dessutan er den halvkondisjonerte klokkaren Jens Defini då med. Barnedåpen i 1755 er eit klart unnatak. Dette er einaste gongen dei brukar fadrar frå bondestand, rett nok ved sida av to kondisjonerte. Ein av desse bøndene, Nils Bjørsvik, er prestens medhjelparar. Han er også mellom dei mest brukte fadrane hos bøndene (til saman 13 gonger). Dei to andre er står også ved fleire høve fadder hos bønder: Brita Heimvik (til saman 7 gonger) og Lisbet Eide (til saman 6 gonger). Er dette ei naudløysing, til dømes på grunn av uver? Men dåpen var 23. august, så det er lite rimeleg at vær og føreforhold la hindringar i vegen for meir langvegfarande fadrar. Likevel kan vi merke oss at dette var einaste jentebarnet av dei fem hos familein Brügger.

Tabell 2: Standsfordeling av fadrar brukt ved barnedåpane til kaptein og gjestgjevar Ole Brügger og familie 1750–59

Dåp nr	Kondisjonerte	Bønder
1	5	0
2	6	0
3	5	0
4	2	3
5	5	0
Til saman	23 (88 %)	3 (12 %)

⁸ Opplyst i e-post 12.11.2010 frå bygdebokforfattar Geir Kleiveland.

Den halvkondisjonerte klokkaren Jens Defini, son av ein tidlegare sorenskrivar, er også ein person av interesse her. Det er barnedåp i denne familien 4 gonger. Alle gonger brukar han i all hovudsak berre bønder som fadrar, rett nok er desse tilsynelatande mellom dei fremste i sin stand. Einaste unnataket er prestefrua Elisabeth Olrich som er mellom fadrane til dei to siste barna. Sjølv er klokkaren mellom fadrane to gonger for prestebarna og ein gong for kapteinsbarna.

Nemnast må også løytnant Jocum Fredrik Schönemann som har barnedåp i 1755. Bortsett frå Anne Elisabeth Jersin frå prestegarden er alle fadrar bønder, rett nok er lensmannen, Magne Essem, mellom desse.

Perioden 1845–54

I den andre perioden, 1845–54, sat Isach Lange Kobro som sokneprest. Han var elles også ordførar i Hosanger kommune i åtte år frå 1848.⁹ Kobro hadde bakgrunn i bergensk handverksborgarskap (faren var bryggerimeister), men han vart gift med Andrea Ervine Essendrop av kjøpmannsslekt i Kristiania, men også syster til biskop C. P. Essendrop.¹⁰

I den perioden vi har registrert fekk prestefamilien, Kobro, fem barn, fødte i 1845, 46, 48, 50 og 53. (Familien hadde elles alt tre barn før dei kom til Hosanger og fekk endå eit siste barn etter at dei forlet prestegjeldet.) Valet av fadrar fortel ikkje om noko form for nettverk i høve til bondesamfunnet. Konsekvent er berre kondisjonerte folk plukka ut. Ved den første dåpen i 1845 var det eit visst innslag av handels- og handtverkarborgarskap mellom fadrane.

Ved dei seinare barnedåpane i prestefamilien er faddergruppa i hovudsak frå embetsmannsmiljøet i regionen, her dukkar m.a. futen, sorenskrivaren, postemeisteren, prestekollegaer og distriktslegen med madammer opp. Det kan ha vore eit visst innslag av slektskapsband i høve til fadrane, men ikkje påtakeleg sterkt. Ved den siste dåpen kan vi sjå at også Carl Joachim Hambro som var eigar av den nystarta bomullsspinneriet i Fotlandsvågen stilte som fadder. Men alt i alt dreiar det seg altså om nettverksband til kondisjonerte miljø utanfor soknet. Det nære granneskapet er ekskludert som aktuelle fadrar.

⁹ Kleiveland 2007: 498

¹⁰ Lampe 1895–96: 362

Medlemer av prestefamilien er berre ved eitt einaste høve brukt som fadrar for folk frå bondestand. I 1845 står prestefrua fadder for Helge, son til forpaktaren på prestegarden Holme. Dei andre fadrane er av bondestand, men mellom desse er også kyrkjesongaren Nils Amundsen Mjøs.

Kring Bernestangen og Fotlandsvågen hadde det kring midten av 1850-åra utvikla seg eit industrielt miljø fyrst og fremst med bomullsspinneri, men også tønneproduksjon og garveri.¹¹ Dette miljøet synest eit stykke på veg å vere sjølvforsynte med fadrar, men ved eit par høve er prestefolket trekt inn som fadrar der saman med andre kondisjonerte.

Førebels oppsummering

Hovudintrykket er at det i den første perioden ikkje kan ha vore noko sosialt gap mellom prestefamilien og det breiare bondesamfunnet. Førebels veit vi ikkje om denne familien er eit særsyn. I alle høve verkar det som dei kan ha orienterte seg meir bort frå sosial omgang med bønder då familien vart veletablert. Hos offisersfamilien på Bernestangen er derimot isolasjon i høvet til bønder ein langt på veg gjennomført praksis. Ein enkelt barnedåp i denne familien viser likevel at bønder i alle fall til naud kunne akseptereast som fadrar. Det fanst også nokre halvkondisjonerte personar, klokkaren og ein sersjant, som trass i framande namn for det meste synest å ha hatt nettverket sitt innanfor bondesamfunnet, likevel også med nokre trådar til eliten.

Kring hundre år seinare vitnar prestefamiliens val av fadrar om full isolasjon i høve til bondesamfunnet. Dette var tilfelle endå presten var ordførar og såleis må ha hatt relativt omfattande praktisk samarbeid og kontakt med bønder. Kulturelt opererte no likevel prestefamilien i enn annan sfære enn bøndene. Det var jamvel eit særsyn at medlemer av prestefamilien tok på seg fadderskap for bønder. I staden pleia dei eit kondisjonert sosialt nettverk ved å gå ut over soknegrensene. Einast deltakar innanfor soknet i dette nettverket var fabrikkengarfamilien på det nystarta bomullsspinneriet. Vi har ikkje registert militære embetsmenn i soknet i denne perioden. Dette mønsteret samsvarar elles med det vi på førehand venta i bynære stork, endå dette i mindre grad hadde vore slik i den første perioden.

¹¹ Kleiveland 2007: 465–67. Døssland 1999: 53–54.

Kan vi ta det vi har sett som teikn på det på at landbygda i Noreg først var etter midten av 1700-talet at embetsmennene medvite trekte seg unna den folkelege sfæren? Ei ny bevisstgjerjing av embetsmannsrolla førte til større grad av kulturell fråstand.

Kan hende overvurderer vi rolla til fadderskap som nettverk.¹² Vi har endå ikkje kaste nærare blikk på kor vidt bondesamfunnet, arenaen til desse embetsmennene, verkeleg brukte fadderskap som del av nettverksbygging. I så fall må det finnast klare teikn på dette.

Allmugens faddernetverk


Ein første indikasjon på at fadderskap verkeleg var lekk i nettverksbygging hos allmugen kan vi få gjennom ein liten stikkprøve frå året 1801. Ved hjelp av den nominelle folketeljinga dette året kan vi lett identifisere fadrane. Vi har i alle fall greidd dette med stor grad av sikkerheit for 157 av dei 165 fadrane i allmugens barnedåpar. Av tabell 3 ser vi at heile 83 prosent av fadrane var veletablerte folk på gardane, stort sett som brukarfolk eller eventuelt som kårfolk. 13 prosent var søner og døtrer på gardane. Om fleire av desse sønene er det også poengtert at dei var innrullerte soldatar, noko som også gav ein viss prestisje. I to tilfelle var mor deira gardenke. Såleis har den unge sonen vore den mest aktuelle representanten for husstanden på mannssida. Berre tre var vanlege tenestefolk og fire var husmannsfolk, innerstar eller dagleigarar. Til saman utgjorde desse mindre enn 5 prosent. Samstundes var nesten to tredelar (62 %) i alderen 40 år eller meir. Berre fem fadrar var yngre enn 20 år (sjå figur 1). Alt i alt indikerer desse tala at ein ikkje valde kven som helst til fadder. Fadderskap må altså tilleggast ei viss vekt innanfor sosial nettverksbygging, i alle høve i denne perioden.

Tabell 3: Sosial gruppering av fadrar i ved dåp hos allmugen i Hosanger sokn i 1801

Sosialgruppe	Tal	Prosent
Bønder og kårfolk	130	82,8
Søner og døtrer av bønder	20	12,7
Tenestefolk	3	1,9
Husmenn, innerstar	4	2,5
Sum	157	99,9

Merk: I tillegg kjem 8 uidentifiserte personar.

¹² Sjø Kjelland 2010.



Går vi no tilbake til dei to hovudperiodane våre, kan vi i første omgang konstatere at folketallet i Hosanger sokn var 1118 innbyggjarar i 1769 og 720 av desse var over 16 år.¹³ I 1845 var det blitt 1977 innbyggjarar, og det auka vidare til 2224 i 1855.¹⁴ Gjennomsnittleg vert dette 2100. Av desse var om lag 1365 over 16 år.

I perioden 1750–59 kan vi registrere 334 barnedåpar innanfor bondestand. I tillegg kjem 12 barnedåpar knytt til kondisjonerte familiar. I perioden 1845–54 var det heile 602 barnedåpar innanfor bondestand og 9 mellom kondisjonerte eller halvkondisjonerte. (Sett i høve til folketallet vert totaltalet på barnedåpar 29,9 prosent i første perioden og 28,7 prosent i andre.)

Hovudmønsteret var at folk brukte fem fadrar: tre mannlege og to kvinnelege. Det var berre få unntak frå denne regelen, endå det i siste perioden faktisk finst tre døme på at bønder brukte berre kvinnelege fadrar.

¹³ NOS. Norges første folketelling 1769.

¹⁴ Mikrofilm frå Riksarkivet av folketeljningane 1845 og 1855.

Inntrykket har vore ei klar geografisk innsnevring og ein privatiseringstendens når det gjeld allmugens val av fadrar. Valet vert i stadig sterkare grad gjort mellom dei aller næraste grannane og, skal ein dømme etter namna, med sterkare innslag av familie. I nokre tilfelle står jamvel ein eller begge foreldra også oppførte som fadrar.

Rein statistisk var over halvparten av fadrane (53,8 %) frå annan namnegard enn foreldra i den første perioden. (Husmannsplassar vert her rekna saman med namnegarden dei høyrer under.) I andre perioden var berre vel ein firedel (26,0 %) frå andre namnegardar. Sjølv sagt var det i begge periodar slik at einbølte eller fåbølte gardar i størst grad måtte hente fadrar utanfrå.¹⁵

Vi skulle tru at konsekvensen av dette må bli at både fadderskap og trulovningar (sjå nedanfor) som brikkar i sosial nettverksbygging vert mindre interessant på 1800-talet enn det hadde vore på 1700-talet. Var t.d. demokratiske ordningar og sosiale rettar i ferd med å skape betre personleg tryggleik? Men går vi vidare, finn vi at i perioden 1750–59 var minst 647 ulike personar fadrar. Dette tilsvarar knapt 90 prosent av alle personar over 16 år i 1769. (Rett nok var ein del av fadrane utansokns folk.) Vi kan såleis slå fast at ein nokså stor del av befolkninga ein eller fleire gonger var fadrar. Dei aller fleste av desse (knapt 64 %) stod fadder berre ein til tre gonger. Men nokre få peikar seg ut ved at dei vart brukte mange gonger. 11 prosent var fadder minst 6 gonger (sjå tabell 4). Ei kvinne, Anna Store Urdal var fadder heile 18 gonger, medan Åmund Vasshelle var brukt 15 gonger. Her er likevel namnelikskap eit stort problem. Dette problemet vert forsterka ved at presten berre nokre få gonger har notert farsnamnet til fadrane (patronymikon). I tillegg er han ikkje konsekvent når det gjeld å sortere dei mellom tuna i dei tilfella då ein namnegard er delt i fleir tun: nordre og søre, austre og vestre eller øvre og nedre.

I 1845–54 var til saman 1073 ulike personar fadrar. Det vil seie 80 prosent av personar over 16 år. I og med at fadderkrinsen i mykje større grad enn før er snevra inn til det aller næraste grannelaget, ventar vi at oppdraget også vart jamnare fordelt enn før mellom innbyggjarane. Og rett nok var no 75 prosent fadder berre ein til tre gonger. Men faktisk var det også denne gongen nokre som peika seg ut som hyppig brukte, 13,7 prosent var fadder seks gonger eller meir (sjå tabell 4). Ei kvinne, Kari Johannesdotter Romarheim var brukt 22 gonger, og ein

¹⁵ Denne endringa kan ha skjedd alt mot slutten av 1700-talet, for i året 1801 var 27 prosent av fadrane frå andre namnegardar enn foreldra til dåpsbarnet, altså på same nivå som i 1845–54.

mann, Anders Andersen Romarheim, 21 gonger. Dette var ektefolk, begge fødte i 1797.¹⁶ Dei opptrer då også nesten alltid i dei same barnedåpane. Alle desse dåpane gjeld folk på den fleirbølte garden Romarheim eller på næraste grannegarden Litle Urdal. Dei ser nesten ut til å ha hatt klippekort på fadderrolla når det var barnedåpar i det nære grannelaget.

I denne perioden fører presten konsekvent patronymikon på fadrane og han skil også langt klarare enn tidlegare prester mellom ymse tun. Samanblandingsfaren ved namnelikskap er difor klart redusert i høve til den første perioden. Endå det i utgangspunktet ikkje såg slik ut, og trass i privatiseringa, er det altså nokre personar innanfor den nære grannekrinsen som er viktigare enn andre å ha med mellom fadrane. Også dette stadfestar det vi alt såg teikn på gjennom stikkprøven frå 1801 at analyse av faddernettsverk også i denne perioden har noko for seg. Ikkje kven som helst vart valt til fadder. Bøndene hadde, trass i den geografiske inn-snevringa og den auka privatiseringa, ein reell sjanse til å velje ein person utanom næraste grannelag eller familie som det var viktig å ha med. Vi finn jo også spreidde døme på det. Men dei valde altså ikkje embetsmenn, eller kanskje var heller ikkje embetsmennene villige.

Tabell 4: Fordeling av kor mange gonger enkeltpersonar opptrer som fadrar innanfor dei to tiårsbolkane

	1 til 3 gonger	4 til 5 gonger	Over 6 gonger
1750–59	64 %	25 %	11 %
1845–54	75 %	11 %	14 %

Resultatet er i alle fall klart: Embetsmenn var ikkje lenger ein del av bønders fadderskaps-nettsverk. Dette kom delvis av at bønder no i større grad valde dei næraste grannane og familie som fadrar, men dette er neppe heile forklaringa. Så langt som det gjeld fadderskapsnettsverk kan vi konstatere at embetsmenn og bønder ikkje lengre høyrde til i same verda ved midten av 1800-talet, endå dei i alle høve til ein viss grad hadde gjort dette hundre år før.

¹⁶ Eknæs I, 2 1967: 226.

Allmugens trulovararnettverk

Trulovarane synest i noko mindre grad enn fadrane å ha høyrte til den aller næraste grannekrisen, noko tala nedanfor også viser. I høve til styresmaktene skulle dei først og fremst gå god for at dei to ikkje var i slekt eller familie innanfor ”forbodne ledd”. I den første perioden er heile erklæringa deira innført i kyrkjeboka ved alle trulovingar/bryllaup: ”At ung Karl Knudt Olsen Biergo af Waase præstegl. og p. Inga Nils D. Aaseim af Hosanger præstegl. eer ikkje i forbudne leed beslægtede eller besvogrede, og ei har gjort andre Ægteskabs løfter, derfor Caverer vi undertegnede Ole Møs [bumerke] Nils Holme [bumerke]”.¹⁷ Frå anna hald veit vi at det var trulovarane som seinare vart utropte som ”brudgomsmenn” under sjølve bryllaupet, så det var knytt ein viss prestisje til ombodet.¹⁸

Liksom med fadrane ser det ut til at det over tid har skjedd ei geografisk innsnevring og privatisering også når det gjeld trulovavar. Av 198 trulovavar i 1750–59 var nesten to av tre frå andre namnegardar enn anten brur eller brudgom.¹⁹ Av 318 trulovavar i 1846–54 var mindre enn ein av tre frå andre namnegardar enn brur eller brudgom.²⁰

I perioden 1750–59 er det i alt 99 trulovingar. I kvar av desse er det 2 trulovavar, altså i alt 198 trulovarroller. Men det er berre 110 personar som fyller desse rollene, dvs. at gjennomsnittleg opptrer kvar enkelt 1,8 gonger. Svært mange, heile 58, er trulovar berre ein gong, og 34 er trulovar to gonger. Likevel er nokre få trulovavar fleire gonger. To opptrer 6 gonger og tre opptrer 5 gonger. Berre til ein viss grad er desse ofte utvalde trulovarane også mellom dei som også var brukt mykje som fadrar. Prestens medhjelpar, Ole Jørgensen Mjøs, er brukt 6 gongar som trulovar og er i tillegg fadder 11 gonger. Dei andre som er trulovar over 5 gonger er også brukte som fadrar, men ikkje meir enn frå 5 til 8 gonger.

I perioden 1845–54 er det 159 trulovingar. I dei 318 trulovarrollene er 184 personar involverte, altså gjennomsnittleg 1,7 gong på kvar. Også her er svært mange trulovar berre ein gong, men nokre få skil seg ut med å opptre mange gonger, ein heile 10 gonger, medan to er trulovavar 6 gonger og tre 5 gonger. Nils Jacobsen Mjøs var trulovar 10 gonger. Like mange gonger var han også brukt som fadder. Johannes Olsen Vike var trulovar 7 gonger og var

¹⁷ Frå kyrkjebok for Hosanger 1750: fol 88.

¹⁸ Anmærkninger: 9–10. Seehus 1770 (1932): 105–06.

¹⁹ Meir nøyaktig: Av 198 trulovavar var 129 frå andre namnegardar, dvs 65 prosent.

²⁰ Meir nøyaktig: av 318 trulovavar var 116 frå andre namnegardar, dvs 31 prosent.

samstundes brukt som fadder 14 gonger. Dei andre 5 som var trulovavarar 5–6 gonger, var også fadrar fleire gonger. Rett nok var kyrkjesongaren, Nils Amundsen Mjøs, fadder berre 2 gonger endå han var trulovar 5 gonger. Dette betyr i alle fall at det ikkje skjedde vesentlege endring når det gjeld gjengangarar i trulovarrolla frå første til andre periode.

Dei kondisjonerte var i det heile ikkje brukt som trulovavarar for bønder. I materialet finst det elles ikkje eksempel på kondisjonerte ektevigsjar. I 1755 giftar rett nok sersjant Jochum Friedrich Schönemann seg med Marte Olsdotter Haukøy. Trulovavarar er to bønder Iver og Aamund Askvik. Den første av desse er også sersjant.²¹ (Truleg budde Schönemann i Askvika, og trass i namnet ser det ut til at han i all hovudsak rekna seg som del av bonde-samfunnet, sjå ovanfor, s. 6)

I 1846–54 er det einaste tilsynelatande kondisjonerte innslaget mellom brurefolk og trulovavarar knytt til det nyskapte industrimiljøet. Her synest grupperinga av handverkarar (nokre med frammant familienamn), meistarar og sveinar, å utgjere eit lite samfunn i samfunnet saman med landhandlaren Hans Hansen. Dette samfunnet er også sjølvforsynt med trulovavarar.

Tabell 5: Fordeling av kor mange gonger enkeltpersonar opptrer som trulovavarar innanfor dei to tiårsbolkane

	1 til 2 gonger	3 til 4 gonger	Over 5 gonger
1750–59	84 %	12 %	5 %
1845–54	83 %	14 %	3 %

Reiskap for samanliknande analyse

Digitalpensjonatet gjev tilgang til dåpsregistreringar med fadderopplysningar frå to andre prestegjeld i Nordhordland, nemleg granneprestegjeldet til Hosanger i sørvest, Haus, frå 1691 til 1722 og det ytre kystprestegjeldet vest for Bergen, Sund, i åra 1799–1812.²² Haus prestegjeld låg eit hakk nærare Bergen enn Hosanger. I sosial struktur synest dette prestegjeldet å ha vore nokså likt Hosanger, men i Mjelledalen var det i denne perioden eit visst konsentrat av ein temmeleg velstående elite av embetsmenn og proprietærar. I Sund var det også eit bra innslag av større eller mindre kremmarsete og gjestgjeveri. For oss er det rett nok vanskeleg å

²¹ Eknæs I,2 1967: 543.

²² Sjå digitalarkivet: <http://digitalarkivet.uib.no>

sette klare grenser mellom det vi kan kalle kondisjonerte og det vi heller bør kalle halv-kondisjonerte knytt til handel.

Når vi no konsentrerer oss om koplingar mellom embetsmenn og bønder, som jo er siktemålet med prosjektet, treng vi ei viss systematisering av fadderopplysningane der kondisjonerte er involverte. Dette gjeld både når dei sjølve er foreldre og når dei opptrer som fadrar hos andre. Sidan det også i nokre lokalsamfunn finst handelsfolk, proprietærar og andre som med familiane synest å ha utgjort ei elitegruppe saman med embetsmennene, har vi funne grunn til å utvide gruppa av embetsmennene med familie til ei noko større gruppe som vi har valt å kalle "kondisjonerte". Her har vi brukt eit visst skjønn, men *kondisjonerte* vert då embetsmenn med familie og handelsfolk med familie, helst slike med framandt etternamn. Dei har fått kodenamnet A nedanfor.

Vidare har vi også prøvt å skilje ut ei gruppe som, i mangel på betre nemning, er kalla *halv-kondisjonerte*. Dette er klokkarar, lensmenn og underoffiserar med ektefellar, men også i nokre tilfelle mindre handlande eller fullmektigar som etter namnet i stor grad synest å ha hatt utgangspunkt frå bondestand. Desse har fått kodenamnet B nedanfor. Ein meir detaljert kunnskap om tilhøva i dei aktuelle prestegjelda og ikkje minst ein betre kunnskap om enkeltpersonar og slekter ville gjeve høve til ei meir forsvarleg gruppering. Her får vi nøye oss med den informasjonen namn, tittel og meir overflatisk kunnskap kan gje.

Resten er då bønder, anten dei er sjølveigarar, leiglendingar eller jamvel husmenn eller tenestefolk. Dei har fått kodenamnet C nedanfor.

Kategoriinndelinga vert då slik:

Type A1:

Kondisjonerte med berre kondisjonerte fadrar

Type A2:

Kondisjonerte med blanding av kondisjonerte og halvkondisjonerte som fadrar.

Type A3

Kondisjonerte med blanding av kondisjonerte og bønder som fadrar.

Type A4

Kondisjonerte med berre bønder som fadrar.

Type B1

Halvkondisjonerte med berre kondisjonerte fadrar

Type B2:

Halvkondisjonerte med blanding av kondisjonerte og halvkondisjonerte som fadrar.

Type B3

Halvkondisjonerte med blanding av kondisjonerte og bønder som fadrar.

Type B4

Halvkondisjonerte med berre bønder som fadrar.

Type C1

Bønder med innslag av kondisjonerte mellom fadrane

Type C2:

Bønder med innslag både av kondisjonerte og halvkondisjonerte mellom fadrane.

Type C3

Bønder med innslag av halvkondisjonerte mellom fadrane.

Type C4

Dette er bønder med berre bønder som fadrar. Den store majoriteten høyrer sjølvstilt til her.

Men sidan gruppa ikkje inneheld verken kondisjonerte eller halvkondisjonerte, fell ho eigentleg utanfor siktemålet med analysen.

Samanlikningar med Haus og Sund

Med kategoriinndeling og kodar som reiskap kan vi på nytt hente fram det vi har registrert for Hosanger. Statistisk sett er jo dette svært små tal. Det ville vere tvilsamt å t.d. operere med prosentutrekningar. Likevel må vi kunna lese ut nokre hovudtendensar.

Tabell 5: Typologisering av faddernetter der kondisjonerte er involverte i Hosanger 1750–59

	A. Kondisjonerte	B. Halvkondisjonerte	C. Bønder
Type 1	4	0	3
Type 2	2	0	0
Type 3	4	3	0
Type 4	2	2	(326)
Sum	12	5	3

Tabell 5 viser standsfordeling for fadrane i 346 barnedåpar. I alt er kondisjonerte og halvkondisjonerte anten som foreldre eller fadrar involverte i 20 barnedåpar i dette tiåret (dvs. 5,8 % av barnedåpane). Der det er kondisjonerte foreldre ser vi rett nok at dei i halvparten av tilfella heldt seg til eigen stand eller til halvkondisjonerte som fadrar. Men i den andre halvdel brukte dei for ein stor del bønder som fadrar. I dei få barnedåpane hos halvkondisjonerte, klokkaren og ein underoffiser, brukte dei stort sett bønder som fadrar, likevel med eit visst innslag av kondisjonerte i nokre tilfelle. Det var svært sjeldan at bønder hadde kondisjonerte eller halvkondisjonerte mellom fadrane, faktisk berre i tre tilfelle.

Vi har før sett at dette var klart endra ved midten av 1800-talet. I perioden 1845–54 var det 611 barnedåpar (sjå tabell 7). Kondisjonerte og halvkondisjonerte var involverte i 14 (dvs. 2,3 %). Vi finn ikkje eit einaste tilfelle av bønder brukte som fadrar i kondisjonertes barnedåpar. Heller ikkje halvkondisjonerte menga seg med bønder i særleg grad. Berre i eitt tilfelle er ein kondisjonert fadder i barnedåp hos bønder. I tre tilfelle finn vi det vi under noko tvil har kalla halvkondisjonerte mellom fadrane til bøndene.

Tabell 7: Typologisering av faddernetter der kondisjonerte er involverte i Hosanger 1845–54

	A. Kondisjonerte	B. Halvkondisjonerte	C. Bønder
Type 1	5	0	1
Type 2	1	3	0
Type 3	0	0	3
Type 4	0	1	(597)
Sum	6	4	4

Dersom det vi har sett for Hosanger er representativt for ei utvikling over tid, må vi i Haus 1691–1722 rekne med å finne at noko av same mønsteret som i Hosanger midt på 1700-talet. Dette skulle gjelde endå meir fordi den sosiale strukturen ikkje var grunnleggande ulik i dei to prestegjelda. Det ferdig registrerte materialet i Haus gjeld 2218 barnedåpar, av desse var kondisjonerte eller halvkondisjonerte involverte anten som foreldre eller fadrar i 52 (dvs. 2,3 %).

Litt skilnad er her likevel i høve til det vi har sett i Hosanger. Når dei kondisjonerte i Haus hadde barnedåp heldt dei seg stort sett berre med kondisjonerte som fadrar, ikkje sjeldan supplert med kondisjonerte frå Bergen. Likevel fanst det visse unntak der også bønder vart brukte. Dei halvkondisjonerte strevde til ein viss grad oppover. Av dei 8 vart det i halvparten av tilfella sørgd for berre kondisjonerte og halvkondisjonerte fadrar. Men i den andre halvdelten var det sterkt innslag av bønder ved sida av dei kondisjonerte.

Bøndene, særleg i grannelaget til der dei fleste kondisjonerte budde (dvs. i Mjeldedalen), nytta ikkje så sjeldan kondisjonerte eller halvkondisjonerte som fadrar. I alt finn vi denne gruppa til stades i 36 barnedåpar hos bønder. Dette er sjølvsagt likevel ein forsvinnande liten del av dei 2202 barnedåpane hos bønder i heile perioden (sjå tabell 8).

Tabell 8: Typologisering av faddernetter der kondisjonerte er involverte i Haus 1691–1722

	A. Kondisjonerte	B. Halvkondisjonerte	C. Bønder
Type 1	6	2	19
Type 2	0	2	9
Type 3	2	4	8
Type 4	0	0	(2166)
Sum	8	8	36

Felles for dei to prestegjelda (Hosanger og Haus) på 1700-talet er at det ikkje var ein gjennomført eksklusivitet mellom dei kondisjonerte. Det var ikkje heilt uaktuelt å bruke bønder som fadrar. I Haus ser det, særleg i Mjelledalen der det var eit sterkt innslag av kondisjonerte, ut til at dei kondisjonerte også til ein viss grad let seg bruke som fadrar hos bønder i grannelaget. I Hosanger var dette derimot svært sjeldan, endå det ikkje var utelukka.

Dersom det vi har sett for Hosanger er representativt for utvikling over tid, må vi i Sund 1799–1812 rekne med å finne att noko av same mønsteret som i Hosanger midt på 1800-talet. Likevel er jo samansetjinga av dei kondisjonerte sjiktet noko annleis i Sund enn i Hosanger. Sund var, som sagt, eit kystprestegjeld utanfor Bergen. Særtrekket i høve til dei føregåande prestegjelda er innslaget av større og mindre handelssete. Her er det vanskeleg å vurdere statusen til dei som dreiv handelen. Nokre er berre ”handelsgesellar” på vegne av eigaren som gjerne heldt til i Bergen. Der er elles både prest og res. kap. i prestegjeldet.

I Sund var det 1458 dåpshandlingar i perioden 1799–1812. I 59 av desse er kondisjonerte eller halvkondisjonerte inkluderte (dvs. 4 %).

Inntrykket er at dei verkeleg kondisjonerte av embetsstand og dei fremste handelsfolka nesten heilt ut heldt seg med fadrar sjølve, supplert med fadrar frå kondisjonert miljø i Bergen. Slik sett er dette likt det vi fann i Hosanger midt på 1800-talet. Men det er annleis i mellomgruppa av mindre handlande, dei som vi plasserte som halvkondisjonerte. Desse involverer i ikkje liten grad bønder i faddernetverka sine. Svært sjeldan finn vi kondisjonerte mellom fadrane hos bønder, likevel er jamvel prestefrua fadder ved eit par høve (sjå tabell 9). Skiljet er såleis alt i alt nokså skarpt når det gjeld faddernetverka, men ikkje så absolutt som i Hosanger på 1800-talet.

Tabell 9: Typologisering av faddernettsverk der kondisjonerte er involverte i Sund 1799–1812

	A. Kondisjonerte	B. Halvkondisjonerte	C. Bønder
Type 1	7	0	3
Type 2	1	1	1
Type 3	2	4	1
Type 4	0	8	(1399)
Sum	10	13	5

Ideelt sett skulle vi gjerne hatt tilgang til fadderregistreringar også frå 1800-talet for Haus, og tidleg på 1700-talet for Sund. Men alt i alt kan vi med det materialet vi har hatt for handa, likevel finne grunnlag for å hevde at dei utviklingstrekk vi fann i Hosanger neppe er eineståande i Nordhordland. Endå embetsmenn og bønder til ein viss grad synest å ha hatt sosial omgang i første halvdel av 1700-talet var dette heilt slutt ved midten av 1800-talet. Så langt faddernettsverk gjev ein påliteleg peikepinn, var det såleis ikkje på 1500- og 1600-talet eliten trekte seg unna det folkelege sjiktet og deira kultur, slik Peter Burke og andre har hevda. Den fornemme isolasjonen synest å ha komme mykje seinare på landsbygda her i landet. Dette er også i samsvar med arbeidshypotesen vår innleiingsvis. I hypotesenotatet er det gjort eit poeng av at embetsmennene etter 1814, og i sær etter 1837, måtte behandle bøndene som meir likeverdige på offentlege arenaer.²³ I det heile fekk dei meir direkte med bøndene å gjere i offentleg samanheng. Men det synest altså etter resultata her ikkje å ha slått seg ut i nærare kontakt reint privat. Det er kanskje noko overraskande. Nær-byen-hypotesen når det gjeld nettsverket til embetsmennene i innleiinga er ikkje her systematiske følgd opp med analysar, men spreidde glimt indikerar at denne hypotesen kan ha noko føre seg.

Vegen vidare

Talet på embetsmenn i prestegjelda på landsbygda var i alle fall svært lite. Dåpshandlingane (og giftarmåla) der embetsmenn og anna elite er involverte var svært få sjølv over lengre tidsrom. Enkeltpersonars preferansar kan difor gje stort utslag i materialet vårt. Dette har vi prøvd å ta høgde for ved å samanlikne med andre prestegjeld. Vidare svevar jo også eit anna spørsmål over vatna. Er fadderskap og skikkane kring desse såpass spesielle at dei ikkje kan gje gode nok peikepinnar på meir generelle nettsverk og anna type kontakt bønder og embetsmenn imellom. Nokre stader snublar ein over opplysningar som kan tyde på dette. Om Johan

²³ Døssland 2009: 11.

Ludvig Heyerdahl som var prest i Hosanger 1834–43 (gift 1843 med Anna Andrea Oftedal), heiter det såleis at ”når det var bryllaup i nærleiken av prestegarden, ville dei gjerne ha preste-folket med, og det fekk dei. Heyerdahl svinga seg då i dansen så godt som nokon”. Vi skal likevel merke oss at dette vert framheva som noko særskild. Han var elles fyrste ordføraren i Hosanger.²⁴

Elles kunne det vere av interesse å supplere med det ein kan finne om økonomiske nettverk ut frå skiftemareriala. Men det ser ut til å vere lite av bevarte geistlege skifte. Kanskje kan pante-bøker fortelje noko. Ein viktig grunn til at eg valde Nordhordland var likevel at det finst søk-bare fullstendige avskrifter frå tingbøkene frå 1600-talet til starten av 1800-talet. Stikkprøver frå tingbøkene har så langt likevel gjeve få opplysningar som kan fortelje om privat samkvem og nærleik mellom embetsmenn og bønder. Men alt i alt er altså Hosanger-undersøkinga ein slags grunnbase og innfallsport til kartlegging og analyse av nettverk på tvers av stands-grenser i Nordhordland.

²⁴ Hole 1982: 96.

Referert litteratur

- Anmærkninger over Norhordlehns skikke*. Trykt i Nordhordland og Midthordland. Sogelaget sitt aarskrift III 1920 : 9. Skriftet er truleg frå ca. 1750.
- Henningsen, Peter. 2006. *I sansernes vold : bondekultur og kultursammenstød i enevældens Danmark*.
- Burke, Peter. 1978. *Popular Culture in Early Modern Europe*.
- Døssland, Atle. 1998. *Strilesoga bd 3. Frå 1650–1800*.
- Døssland, Atle. 1999. Døssland i Atle Døssland og Karl Egil Johannesen. *Strilesoga bd 4. Frå 1800–1914*: 5–110.
- Døssland, Atle. 2009. *Kulturperspektiv på møte mellom bønder og embetsmenn. Arbeids- hypotesar om tid og rom*. Notat nr. 1/2009. Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda.
<http://www.hivolda.no/neted/modules/archive/front/file.php?data=32633392f0d0e81c2c58bf29c818ec99>
- Eknæs, Askild. 1967. *Ættebok for Hosanger fram til omlag 1960* bd I,1 og I,2.
- Endresen, Halfdan G. 1943. Gjestgivere og skipper i ytre led II Olrich. *Sunnhordland årbok*: 38–45.
- Hole, Ivar. 1982. *Hosanger kyrkje og Hosanger prestegjeld gjennom 200 år, 1750–1950*.
- Kjelland, Arnfinn. 2010. *Fadderskap som sosial relasjon. Forskingsstatus, kjelder og metode*. Notat nr. 16/2010. Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda.
<http://www.hivolda.no/neted/modules/archive/front/file.php?data=d58f2799e2adafdad89dd929e2c89fd>
- Kleiveland, Geir. 2007. *Osterøy Bygdebok. Allmennsoge, Band I. Frå dei eldste tider til 1870*.
- Lampe, Johan Fredrik. 1895–96. *Bergens stifts biskoper og præster efter reformationen : biografiske efterretninger bd I og II*.
- NOS *Norges første folketelling 1769*.
- Schilbred, C. S. 1959. De eldre generasjoner av slekten Jersin. *Norsk slektshistorisk tidsskrift*, bd. XVII, hf 2.
- Seehus, Hans Michael. 1770 (1932): *Beskrivelse over Nordfjord Herred i Bergen stift*. Prenta i *Firda Tidend* 1932–33.